



Retningslinjer for tilskot til datakultur

Retningslinjene for tilskot til prosjekt og tiltak allmennkultur og idrett vart vedtatt i kultur- og folkehelseutvalet sitt møte 6. februar, i sak 8/24. Dei er brukt som mal i desse retningslinjene, etter ønske frå utvalet.

Maksbeløp per prosjekt er satt til 200 000 kroner.

Formål

Tilskotsordninga skal bidra til at det blir til meir aktivitet på datakultur ute i kommunane og å skape inkluderande møteplassar for datakultur.

Tilskotsordninga skal òg bidra til å nå måla i Fylkesplan 2021–2024 og Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022–2025.

Kven kan søke støtte?

Kommunar i Møre og Romsdal. Dette inkluderer fritidsklubbar, bibliotek, kulturskole, skole, helsetenester og andre kommunale tenester i fylket.

Kommunen kan gjerne samarbeide med andre kommunar og/eller eksterne aktørar, men det er kommunen som må stå som søker.

Generelle krav

- Tiltak som får støtte skal vere ope for alle
- Tiltak som får støtte må bidra til å nå mål i planverket til Møre og Romsdal fylkeskommune
- Tilskotet frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring
- Profesjonelle aktørar som blir leid inn skal behandlast likt og få lønn i samsvar med bransjestandarden. Arrangørane bør følge Creo sine satsar.



For å fremme tilgjengelegheit og inkludering oppfordrar vi alle søkarar til å bruke prinsippa om universell utforming. Da kan prosjekt og tiltak vere tilgjengelege for alle deltakarar uavhengig av fysiske eller kognitive forutsetningar.

Kva kan du søke støtte til?

- Aktivitet og tiltak som er knytt til ein gratis, inkluderande og tilgjengeleg møteplass for målgruppa
- Aktivitet og tiltak som skal bryte ned barrierar knytt til deltaking i dataspelkulturen. Desse barrierane kan for eksempel vere kjønn, økonomi, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering, etnisitet, geografi eller alder.
- Innkjøp av utstyr knytt til planlagde aktivitet og tiltak for og med målgruppa.

Målgruppa kan vere barn, ungdom, vaksne og/eller seniorar. Ein god dialog med målgruppa og ein plan for medverknad i prosjektet er eit krav for å få støtte. Medverknad kan skje både digitalt og fysisk.

Kva blir det ikkje gitt støtte til?

- Ordinær drift
- Institusjonar som får driftsstøtte frå fylkeskommunen
- Prosjekt og tiltak som allereie er starta eller er gjennomført før søknadsfristen
- Prosjekt og tiltak som er meint å skape eit overskot eller som blir arrangert for å samle inn midlar
- Politisk verksemd. Det betyr at politiske parti, ungdomspolitiske parti eller fagforbund ikkje kan søke
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser og liknande
- Innspeling og utgiving av litteratur, film eller musikk

Slik prioriterer vi kven som får støtte

Søknadane blir vurdert og prioritert etter desse kriteria:

- Aktivitet og tiltak som viser til samarbeid mellom fritidsklubb og bibliotek
- Medverknad og god dialog med målgruppa i utforming av aktivitet og tiltak.



- Aktivitet og tiltak som tek utgangspunkt i «[Veileder for formidling av dataspill som kulturuttrykk](#)» frå Kulturtanken
- Nye prosjekt, tiltak eller aktivitetar
- Prosjekt som ferdigstillast seinast innan utgangen av 2025

Søknadsfrist

30. april

Krav til søknaden

Søknad må leverast elektronisk i god tid før tiltaket skal gjennomførast. I tillegg må den innehalde:

- Ei skildring av aktiviteten eller tiltaket det søkast tilskot til og korleis det skal gjennomførast
- Ei skildring av medverknad i tiltak og aktiviteten
- Framdriftsplan (tidsplan for tiltaket)
- Budsjett med finansieringsplan (forventa inntekter og utgifter)
- Forklaring av korleis tiltaket treff prioriteringskriteria og mål i rettleiaren frå Kulturtanken

Det fylkeskommunale tilskotet kan maksimalt utgjere 50 prosent av totalbudsjettet. Kommunen sin eigenandel må bestå av minimum 10 prosent eigne midlar. I tillegg kan ein rekne arbeidstid som delar av eigenandelen.

Vi behandlar ikkje søknader som er ufullstendige og som ikkje gir nok informasjon om prosjektet og/eller tiltaket.

Utbetaling og rapportering

- Tilskotet utbetalast i si heilheit etter at rapporten og prosjektrengskapet er levert.
- Tilskotet skal fortrinnsvis brukast innan eit år frå tildelinga er gitt. Dato for tildeling finn du i tildelingsbrevet.
- Det kan søkast om utsetting i ytterlegare eit år. Dette må gjerast innan fristen som er satt i tildelingsbrevet. Etter to år blir tilskotet automatisk trekt tilbake.



- Rapporten skal gjere greie for gjennomføringa av tiltaket/prosjektet sett i forhold til søknaden. Rekneskapen skal vise korleis tilskotet er brukt og settast opp slik at det kan samanliknast med innsendt budsjett.
- Tiltaket må gjennomførast slik det er søkt om. Viss det er nødvendig å gjere endringar må du avklare det med fylkeskommunen på forhånd. Viss tiltaket ikkje gjennomførast som planlagt eller kostnadene blir lågare enn budsjettert, kan tilskotet reduserast.
- Tilskot frå fylkeskommunen og andre offentlege tilskotsytarar skal spesifiserast i rekneskapen.
- For prosjekt og tiltak der samla tilskot frå fylkeskommunen er over 350 000 kroner, skal det framleggast rekneskap godkjent av autorisert revisor. Rapport og rekneskap skal sendes elektronisk via fylkeskommunen sitt nettbaserte rapporteringskjema.

Klagerett

Vedtak i tilskotssaker er eit enkeltvedtak ifølge Forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker frå du har fått vedtaket.

Kontroll

Fylkeskommunen kan kontrollere at tilskotet er brukt etter vilkåra. Søkar skal legge fram alle opplysningar som er nødvendig for å gjennomføre ein slik kontroll på førespurnad.